

Fagleg råd for lærarutdanning 2025

Dykkar ref.

Vår ref.
25/865-3/VIA

Dato
15.08.2025

Innspel til innhald i hovuddelen av ny felles rammeplan for lærarutdanningane

Språkrådet syner til møtet 17. juni 2025 om oppdraget som Fagleg råd for lærarutdanning (FRLU) har om å lage utkast til ny felles rammeplan for lærarutdanningane. I etterkant av møtet sende vi eit oversyn over undersøkingar og regelverk som vi nemnde i møtet. Her sender vi som avtalt innspel til innhaldet i hovuddelen av rammeplanen.

Om innspelet

Språkrådet vil løfte fram nokre punkt som sikrar at språkpolitiske omsyn blir tekne, særleg omsyn som gjeld born, elevar og vaksne som er i språkleg mindretal. Kunnskaps- og utdanningspolitikk er viktig språkpolitikk. Barnehagesektoren og opplæringssektoren er heilt avgjerande for at befolkninga får naudsynt språkopplæring, jf. kapittel VII i barnehagelova og kapittel 3 i opplæringslova. Opplæringssektoren står i ei særstilling når det gjeld å sikre norsk og samisk som samfunnsberande språk. Derfor skal det takast språkpolitiske omsyn når innhaldet i barnehage, skule og lærarutdanning skal utformast.

Språkrådet kjenner ikkje til vurderingane som rådet har gjort i del 1 og 2 av oppdraget. Vi går derfor ikkje inn på vurderingar om utdanningsnivå, innhaldsformuleringar eller målformuleringar og heller ikkje om skiljet mellom reglar og prinsipp. Innspela våre kan likevel lesast i samanheng med tilrådinga frå ekspertutvalet i 2024, der utvalet argumenterte for at lærarutdanningane må ha høge felles kvalitetsstandardar i form av såkalla styringsrasjonalitetar for likskap, mangfald, kunnskap og samarbeid (Senter for profesjonsforskning, 2024, kapittel 5).



Postadresse

Postboks 1573 Vika
NO-0118 Oslo

Besøksadresse

Observatoriegata 1 B
NO-0254 Oslo

Sentralbord

+47 22 54 19 50

E-post

post@sprakradet.no

Internett

www.spraakradet.no

Organisasjonsnummer

971 527 404

I dette innspelet har vi i hovudsak teke omsyn til norsk, ettersom omsynet til samiske språk blir ivareteke i rammeplanen for samisk lærarutdanning.

Vi har delt innspelet vårt inn i fire tema og vil syne korleis desse temaa er vesentlege for opplæring av elevar og for utdanning av lærarar. Dei fire temaa er :

1. Språk på eit overordna plan
2. Norsk språk – fellesspråket i Noreg
3. Nynorsk – språket som alle offentlege organ har eit særskilt ansvar for å styrke
4. Fleirspråklegheit – identitet og kulturelt mangfald som ressurs

Innhaldet i innspela våre er godt forankra i barnehagelova og opplæringslova med forskrifter. Vi byrjar med å synleggjere nokre omsyn som Språkrådet vil gjere rådet merksam på. Deretter legg vi fram dei fire temaa, før vi til slutt kjem med nokre oppsummerande merknader og forslag.

Barnehagelova og opplæringslova med forskrifter

Språkrådet meiner det er viktig at rammeplanen for lærarutdanningane på ein god måte syner samanhengen mellom omgrep og tema på den eine sida og dei oppgåvene og det ansvaret som lærarane får etter barnehagelova og opplæringslova med forskrifter, på den andre sida. Sjølv om lærarane ikkje er pliktsubjekt etter lovene, er det i praksis dei som får ansvaret for at ei rekke reglar blir følgde. Det er lærarane som må ha kunnskapen og kompetansen til å utføre oppgåvene og til å rettleie andre tilsette i arbeidet.

For styrar og pedagogisk leiar er oppgåvene og ansvaret konkretisert og samanfatta i forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver. Oppgåvene og ansvaret som lærarane har etter opplæringslova og opplæringsforskrifta, er omtalt meir indirekte gjennom til dømes rettar som elevane har, eller gjennom plikter som kommunen eller fylkeskommunen har. Barnehagelova kapittel VI, opplæringslova kapittel 17 og opplæringsforskrifta kapittel 12 viser ikkje til konkrete kompetansekrav utover krava om lærarutdanning eller anna pedagogisk utdanning og kompetanse i undervisningsfaga. Rammeplanen må sørge for at lærarutdanningane lagar utdanningslaup som kvalifiserer studentane for dei oppgåvene og ansvaret som lærarane får etter barnehagelova og opplæringslova. Vi syner også til vurderingane utvalet

for kvalitetsutvikling i skulen gjorde knytt til lærarane sin kompetanse i rapporten om eit nytt system for kvalitetsutvikling (NOU 2023: 27, kapittel 7).

Språkrådet meiner at ei grunnutdanning som sørger for kunnskap om språk og kommunikasjon, og som skaper trygge språkbrukarar i barnehage og grunnopplæring, er ein føresetnad for at lærarane kan medverke til at born, elevar, foreldre og lærarar får rettane sine oppfylte. Når rådet no skal i gang med å skrive forslag til innhald i hovuddelen til den nye felles rammeplanen, er det viktig at hovuddelen legg vekt på dette.

Rammeplanen for lærarutdanningane må sørge for at institusjonane lagar utdanningar som rustar lærarane språkleg for dei oppgåvene og det ansvaret som er sentralt for alle lærarar etter barnehagelova og opplæringslova, og som er i tråd med dei sentrale tilrådingane til ekspertutvalet om at styringa av lærarutdanningane skal handle om profesjonsbygging og sikre behova i samfunnet (Senter for profesjonsforskning, 2024, kapittel 7).

Språk på eit overordna plan

På eit overordna plan kan ein slå fast at språk er ein sentral reiskap for læring, utvikling, danning og profesjonsbygging. I formålsparagrafane heiter det at barnehagen skal fremme læring og danning, og at elevane i grunnopplæringa skal lære å tenke kritisk. Dei skal møtast med tillit, respekt og krav og få utfordringar som fremmer danning og lærelyst.

I boka *Praksisfellesskap for læring og profesjonsutvikling* presenterer Liv Gjems læring som eit resultat av språkleg aktivitet mellom to eller fleire som tenker saman om eit problem eller eit tema som dei utforskar eller diskuterer. Ho viser korleis språket og bruken av det spelar ei rolle for læring i det ho omtalar som ulike praksisfellesskap. Språk og språklege interaksjonar kan fremme eller hemme eit lærande fellesskap.

Alle lærarar møter ei samansett gruppe av born, unge og vaksne. Lærarar bør derfor ha kunnskapar om seg sjølv og sitt eige (sine egne) språk og om dei språklege og kommunikative behova og rettane dei møter i barnehagen, i klasserommet, på foreldremøte og på personalrommet. Grunnutdanninga må gi studentane konkrete og grunnleggande verktøy for å handtere dei språklege og kommunikative situasjonane i barnehage og skule. Her vil vi òg gjerne vise til kapittel 7 i rapporten frå teiknspråkutvalet (NOU 2023: 20) og til kapittel 13, 15 og 16 i rapporten

frå Sannings- og forsoningskommisjonen (Sannhets- og forsoningskommisjonen, 2023).

Språkrådet meiner det er viktige at alle lærarstudentar får opplæring og trening i å bruke språk på ein læringsfremmande måte i møte med born, elevar, foreldre og kollegaar. Dette føreset at lærarstudentane òg får kunnskap om språk og språklege interaksjonar.

Norsk språk - fellesspråket i Noreg

Det norske språket er ein grunnleggande infrastruktur for demokratiet vårt. Alle som bur og lever i Noreg, må meistre norsk for å kunne delta i samfunnet og i arbeidslivet. Samfunnet vårt treng lærarar som sjølvve meistarar norsk, og som kan bruke, utvikle og styrke norsk i barnehage og grunnopplæring. Språkrådet meiner dette er eit overordna behov som samfunnet har, og innspelet vårt kan lesast i lys av tilrådingane til ekspertutvalet om at styringa av lærarutdanningane blant anna skal handle om å sikre behova i samfunnet (Senter for profesjonsforskning, Oslomet – storbyuniversitetet, 2024, kapittel 7).

Kommunikasjon på morsmålet er det første av EU sine åtte nøkkelkompetanseområde innanfor livslang læring. EU definerer dette slik: «Kommunikasjon på morsmålet er evna til å uttrykkje og tolke omgrep, tankar, kjensler, fakta og meiningar både munnleg og skriftleg (ved å lytte, snakke, lese og skrive), og til å samhandle språkleg på ein eigna og kreativ måte i alle samfunnsmessige og kulturelle samanhengar: i utdanning og opplæring, i arbeidslivet, i heimen og i fritida» (EU, 2006).

Dei fem grunnleggande ferdigheitene i norske læreplanar er lesing, skrivning, rekning og munnlege og digitale ferdigheiter. EU sin definisjon av kommunikasjon på morsmålet er med andre ord godt representert i dei grunnleggande ferdigheitene i norsk skule, med unntak av lytting. Noreg og EU har med dette litt ulike inngangar til dei munnlege ferdigheitene, der ein i Noreg har lagt vekt på produksjonsdelen. I EU si skildring handlar det munnlege om både å lytte og snakke, og det skriftlege handlar om å lese og skrive. Lærarar må sjølvve ha gode grunnleggande ferdigheiter, ettersom dei skal undervise i dette i alle fag. Språkrådet vurderer at EU sin definisjon av kommunikasjon på morsmålet gir ei god skildring av dei munnlege og skriftlege ferdigheitene lærarstudentane bør få utvikle i norsk.

Språkrådet meiner at lærarstudentar gjennom utdanninga bør få trening i å utvikle språket sitt, og at dei utviklar eit godt språk om språk.

Rammeplanen må sikre at lærarutdanningane utviklar studentane sine lese- og skriveferdigheiter, og at dei gir lærarstudentane god nok kunnskap om norsk rettskriving og grammatikk til å kunne rettleie andre om korrekt norsk. Dette inneber altså ikkje berre at studentane kan følgje norsk rettskriving og grammatikk i eiga skiving, men at dei kjenner til normvariasjonen i Noreg og det språkpolitiske grunnlaget for arbeidet med normering og for at vi har to norske skriftspråk. Ein kan ikkje lene seg på at lærarstudentane har med seg dette frå vidaregåande. Sjå til dømes artikkelen til Mari Nygård og Heidi Brøseth om grammatikkunnskapane til lærarstudentar i det første studieåret deira (Nygård og Brøseth, 2023).

Lærarar må òg generelt ha eit godt utvikla fagspråk på norsk innanfor fagområda sine, og dette vil særleg vere viktig for smale fag med færre lærebøker og manglande læremiddel eller læringsressursar på bokmål og nynorsk. Noreg har nyleg fått to forskingssenter for fagspråk i academia, eitt ved Universitetet i Bergen og eitt ved Universitetet i Oslo. Opprettinga av sentera er eit resultat av handlingsplanen for norsk fagspråk, som regjeringa kom med i 2023 (Kunnskapsdepartementet, 2023). Språkrådet oppfordrar FRLU til å be om innspel frå desse to sentera, slik at rammeplanen sikrar at omsynet til norsk fagspråk blir ivareteke i lærarutdanningane.

Lærarstudentane må få utvikle eigen digital kompetanse, og utdanninga må gi kunnskap om språkteknologi og om korleis språkteknologien i dag kan stå i vegen for god språkopplæring. Dette gjeld både i bruken av digitale skriveprogram og i bruken av praterobotar eller andre program som nyttar kunstig intelligens.

Nynorsk - språket som alle offentlege organ har eit særskilt ansvar for å styrke

Alle offentlege organ skal bruke, utvikle og styrke norsk språk, og dei skal styrke nynorsk spesielt fordi det er det minst brukte skriftspråket. Dette står i formålsparagrafen i språklova. I opplæringslova heiter det at opplæringsspråket i norsk skule er norsk eller samisk.

Lærarutdanningane må gi studentane kunnskap om den norske språksituasjonen og verktøy for å støtte opp om det ansvaret som barnehagane og skulane har for å bruke, utvikle og styrke norsk (særleg nynorsk) og samiske språk. I overordna del av læreplanen heiter det at «opplæringa skal sikre at elevane blir trygge språkbrukarar, at dei utviklar den språklege identiteten sin, og at dei kan bruke språk for å tenke, skape meining, kommunisere og knyte band til andre».

Studentane må få opplæring, rettleiing og trening i korleis dei skal gi elevar og foreldre det dei har krav på, og korleis dei skal gi relevant og god informasjon om dei rettane og vala som elevar og foreldre har. I proposisjonen til opplæringslova heiter det at «samansetninga av læremiddel og ressursar som blir brukte, i sum skal støtte opp under skriftspråket til eleven», og at «elevane i størst mogleg grad møter læremiddel på sitt eige skriftspråk» (Prop. 57 L (2022–2023), side 143). Alle lærarstudentar må få opplæring og trening i korleis dei skal forvalte ansvaret sitt i val og bruk av lærebøker, læremiddel og læringsressursar. Dei må også få opplæring og trening i å forvalte ansvaret sitt i val og bruk av ordbøker, ordlister og skriveprogram i skulen, jamfør kapittel 15 i opplæringslova. Lærarar må kunne informere om rettar knytt til bokmål og nynorsk på ein inkluderande og likestilt måte – og til rett tid. Rapporten om språkbyte frå 2022, som Språkrådet tinga frå Nynorsksenteret, gir fleire tilrådingar for tiltak i lærarutdanningane (Nynorsksenteret, 2022).

I fleire av dagens rammeplanar for lærarutdanning er det formulert reglar for fritak frå å lære seg både bokmål og nynorsk. Å gi lærarstudentar dette fritaket kan føre til at den ferdig utdanna læraren ikkje er budd på utfordringane han vil møte i arbeidslivet. Noreg må ha ei grunnutdanning som gjer lærarstudentane til trygge språkbrukarar, med ein grunnleggande kunnskap og kompetanse som gir dei verktøya til å vidareutvikle kompetansen sin i møte med stadig nye situasjonar og utfordringar. Å gi elevar fritak frå vurdering i bokmål eller nynorsk på vidaregåande er noko ganske anna enn å ikkje gi lærarstudentar opplæring i eit fagområde som dei må kunne for å utøve yrket.

Rapporten om norsk i lærarutdanningane som Nynorsksenteret skreiv på oppdrag frå Språkrådet i 2023, syner at nynorskkompetansen til lærarstudentane i større grad blir forsøkt sikra i dei lærarutdanningane der forskrifta til rammeplanen krev nynorskkompetanse. Dette funnet indikerer at norskferdigheitene til lærarane bør regulerast i den nye rammeplanen (Nynorsksenteret, 2023).

Fleirspråklegheit – språkleg og kulturelt mangfald som ressurs

Formålsparagrafane i barnehagelova og opplæringslova har fleire likskapar, og innhaldet i både barnehagen og grunnopplæringa skal bygge på «respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som også kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane». I kapittelet om identitet og mangfald i overordna del av læreplanen heiter det at «alle

elevar skal få erfare at det å kunne fleire språk er ein ressurs i skulen og i samfunnet» (Kunnskapsdepartementet, 2017a). Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver slår fast at personalet i barnehagen skal bidra til at språkleg mangfald blir noko positivt for heile barnegruppa, og personalet skal støtte fleirspråklege born i å bruke morsmålet sitt og samtidig aktivt fremme og utvikle den norsk- eller samiskspråklege kompetansen til borna (Kunnskapsdepartementet, 2017b, side 24).

Nynorsk og bokmål er òg ein del av det språklege mangfaldet, og barnehagar og skular treng lærarar som kan medverke til at born og elevar kan tileigne seg nynorsk som førstespråk eller andrespråk, ikkje som framandspråk. Sjå til dømes Endre Brunstad si drøfting om sidemål og djupnelæring i artikkelsamlinga *Å skrive nynorsk og bokmål – Nye tverrfaglege perspektiv* (Brunstad, 2018).

I spørjeundersøkinga som Oslo Economics gjennomførte på oppdrag frå Språkrådet i 2024, kjende berre 26 prosent av respondentane seg rusta til å undervise elevar med eit anna morsmål enn norsk (Oslo Economics, 2024). I avhandlinga si om fleirspråklegheit i yrkesopplæringa viser Mari J. Wikhaug Andersen til at det er utfordrande for lærarar å gi tilpassa opplæring til ei fleirspråkleg elevgruppe, og at lærarane ikkje er tilstrekkeleg budde på dette i utdanninga (Andersen, 2024, side10).

Rammeplanen for lærarutdanningane må sikre at lærarutdanningane gir lærarar kunnskap om det språklege mangfaldet i Noreg, og gir dei opplæring og trening i korleis fleirspråklegheit kan bli ein ressurs. Lærarane må også ha kunnskap om andrespråkspedagogikk, ettersom alle lærarar møter born, elevar, vaksne og foreldre som ikkje har norsk som morsmål. Sjå til dømes kapittel 8 om fleirspråklegheit i opplæringa i Bente A. Svendsen si bok om fleirspråklegheit (Svendsen, 2021).

Oppsummerande merknader og forslag

Skulefritidsordninga i lærarutdanningane

Skulefritidsordninga (SFO) har no fått sin eigen rammeplan, og det er diskusjonar om kompetansekrav også her. I oppdraget FRLU har fått, står det at rådet skal komme med forslag og tilrådingar om «kva kontekstar vi utdannar lærarar til». Rådet bør derfor vurdere om den nye felles rammeplanen for lærarutdanningane også skal inkludere kompetansen som krevst for personalet i SFO. I så fall må rådet vere merksam på reglane om regulering av yrke og utdanning som følgjer av yrkeskvalifikasjonslova og yrkeskvalifikasjonsdirektivet.

Satsing på språk i lærarutdanningane i Belgia

Vi vil òg gjerne vise til satsinga på språk i lærarutdanningane i Belgia. Det er mogleg rådet er godt kjent med dette frå før, men vi vonar i alle tilfelle at rådet kan finne nyttige element frå denne prosessen (Beleidsnota, 2024).

Vidare arbeid med forslag til ny rammeplan

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken i tråd med Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)* på oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Det overordna målet for den norske språkpolitikken er å styrke norsk språk og sikre både det norskspråklege og det fleirspråklege mangfaldet.

Språkrådet bidreg gjerne med å lese utkast og komme med innspel eller kommentarar i det vidare arbeidet med forslag til ny rammeplan.

Kjelder

Andersen, Mari J. Wikhaug (2024). *Flerspråkligheit i yrkesopplæringa. Om språkideologier, læreraktørskap og læreplanutøvelse*.

[Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Oslo. Lenke: [Flerspråkligheit i yrkesopplæringa, DUO, Universitetet i Oslo](#)

Beleidsnota (2024). *Onderwijs en Vorming 2024–2029*. Vlaamse Regering.

Lenke til notatet: [Onderwijs en Vorming 2024–2029, Vlaamse Regering](#).

Lenke til informasjon på engelsk: [Enhancing Dutch language proficiency in education with a renewed focus, Eurydice](#)

Brunstad, Endre (2018). Kan sidemålet fremje djupnelæring? Prinsipielle og teoretiske perspektiv på toskriftsopplæringa. I Bjørhusdal, Bugge, Fretland & Gujord (red.), *Å skrive nynorsk og bokmål. Nye tverrfaglege perspektiv*. Samlaget.

EU (2006). *Europaparlaments- og rådsrekommendasjon av 18. desember 2006 om nøkkelkompetanseområder innanfor livslang læring*

(2006/962/EF). Europaparlamentet og Rådet for den europeiske unionen.

Lenke: [EUs nøkkelkompetanseområde innanfor livslang læring, Lovdata](#)

Gjems, Liv (2019). Lære gjennom praksisfellesskap i barnehage, skole og profesjonell virksomhet. I Bjørnsrud, Halvor og Liv Gjems (red.),

Praksisfellesskap for læring og profesjonsutvikling. Universitetsforlaget.

Lenke: [Lære gjennom praksisfellesskap i barnehage, skole og profesjonell virksomhet, Scandinavian University Press](#)

Kunnskapsdepartementet (2017a). *Overordna del – verdier og prinsipper for grunnopplæringa*. Fastsett som forskrift ved kongeleg resolusjon. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. Lenke: [Overordna del av læreplanverket, Regjeringa](#)

Kunnskapsdepartementet (2017b). *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Fastsett som forskrift. Kunnskapsdepartementet. Lenke: [Rammeplan for barnehagen, Utdanningsdirektoratet](#)

Kunnskapsdepartementet (2023). *Frå ord til handling, Handlingsplan for norsk fagspråk i akademien*. Kunnskapsdepartementet. Lenke: [Frå ord til handling, Regjeringa](#)

NOU 2023: 20 (2023). *Tegnspråk for livet: Forslag til en helhetlig politikk for norsk tegnspråk*. Kultur- og likestillingsdepartementet. Lenke: [Tegnspråk for livet, Regjeringa](#)

NOU 2023: 27 (2023). *Et nytt system for kvalitetsutvikling – for elevenes læring og trivsel*. Kunnskapsdepartementet. Lenke: [Et nytt system for kvalitetsutvikling, Regjeringa](#)

Nygård, Mari & Heidi Brøseth (2023). Førsteårs lærerstudenters forståelser og misforståelser av deskriptiv grammatikk. I *Acta Didactica Norden*, 17(4), 29 sider. Lenke: [Førsteårs lærerstudenters forståelser og misforståelser av deskriptiv grammatikk, Acta Didactica Norden](#)

Nynorsksenteret (2022). *Rapport om språkbyte: Eit kunnskapsoversyn over språkbyte frå nynorsk til bokmål*. Språkrådet. Lenke: [Rapport om språkbyte, Språkrådet](#)

Nynorsksenteret (2023). *Rapport om norsk, særleg nynorsk, i lærarutdanningane*. Språkrådet. Lenke: [Rapport om norsk, særleg nynorsk, i lærarutdanningane, Språkrådet](#)

Oslo Economics (2024). *Norsklærerens kompetanser, roller og ansvar: Sammenstilling av funn fra spørreundersøkelse om skriveopplæringen i grunnskolen*. Språkrådet. Lenke: [Norsklærerens kompetanser, roller og ansvar, Språkrådet](#)

Prop. 57 L (2022–2023). *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. Kunnskapsdepartementet. Lenke: [Prop. 57 L \(2022–2023\), Regjeringa](#)

Sannhets- og forsoningskommisjonen (2023). *Sannhet og forsoning – grunnlag for et oppgjør med fornorskingspolitikk og urett mot samer, kvener/norskfinner og skogfinner*. Dokument 19 (2022–2023). Sannhets- og forsoningskommisjonen. Lenke: [Sannhets- og forsoningskommisjonen – sluttrapport, Stortinget](#)

Senter for profesjonsforskning (2024). *Én felles rammeplan: Overordnet styring av lærerutdanningene* (Rapport). Senter for profesjonsforskning, Oslomet – storbyuniversitetet. Lenke: [Én felles rammeplan: Overordnet styring av lærerutdanningene, Regjeringa](#)

Svendsen, Bente A. (2021). *Flerspråklighet: Til begeistring og besvær*. Gyldendal norsk forlag.

Vennleg helsing
Margrethe Kvarenes
avdelingsdirektør

Vigdis Arnesen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Fagleg råd for lærarutdanning
2025

Kopi til:

Siw Skrøvset
Tove Margrethe Thommesen